



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Torsdag 21. mars 2024 kl. 1715-2045

Stad: Formannskapssalen, rådhuset i Odde

Desse møtte: Jarle Rasmussen, Per Helge Sekse (frå sak 18/24), Britha Sandal (til og med sak 19/24), Anette Torvund, Jonas Aakre

Forfall:

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert: 3.4.2024

Saker til styremøtet:

14/24: Orientering

15/24: Elgjakta 2024 og 2025

16/24: Revisjon av rekneskapen til fjellstyret

17/24: Samjakt med Røldal statsallmenning 2024

18/24: Reinsjakta 2024

19/24: Hytteutleige 2024

20/24: Eventuelt

Jarle Rasmussen /s/

Per Helge Sekse /s/

Britha Sandal /s/

Anette Torvund /s/

Jonas Aakre /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullevang kommune

Hardanger Folkeblad



14/24: Orientering

Saksdokument:

Saksdokument:

Postliste:

2024.02.24-612.1 Røldal fjellstyre - Førespurnad om samjaktavtale mellom Ullensvang og Røldal fjellstyre
2024.02.15-32 Asplan Viak - Varsel om oppstart av planarbeid Seljestad Vassverk
2024.02.20-36 Statskog - Melding om grunneigars løyve til utplassering av viltkamera på fjellrevhi
2024.02.27-127 Ullensvang fjellstyre - Oversending av vedtak om godtgjersle - til fastsetting av kommunestyret
2024.02.28-612.3 Ullensvang fjellstyre - Høyrings svar villreinkvote 2024
2024.03.04-035.2 Fylkeskommunen - Kopi av kulturminnefagleg fråsegn til restaurering av rogdabu
2024.03.04-145.9 Sparebanken Vest - Avslag på søknad om prosjektmidlar
2024.03.05-612.3 Villreinutvalet - Invitasjon til vårmøte
2024.03.05-145.9 Ullensvang fjellstyre - Søknad til Sparebank1-stiftinga Kvinnherad om bidrag for å redusere forsøplingen av fjellet
2024.03.05-145.9 Ullensvang fjellstyre - Søknad til Sparebank1-stiftinga Kvinnherad om båtmotor, garn og sengemadrasser

Saksutgreiing:

- Gjennomgang av postlista på møtet
- Info om plastbåtprosjektet
- Orientering frå hyttestyret

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Gjennomgang av postlista ved leiar.

Orientering om plastbåtprosjektet ved leiar. Fjellstyret er blitt med på prosjektet, og må leggja opp til kartlegging av vrak i sommar. Heile styret blir bidragsytarar i prosjektet. Aktivt sponsorkap/informasjon og vidare registrering er ein viktig del av forarbeidet.

Orientering frå hyttestyret:

- Det har blitt gjennomført vask, transport av ved, rydding med meir i Belebu og Raudåna
- Innkjøp av nytt kjørleservice til Raudåna



- Det er vurdert kjøpt klikkvinyll til golvet i uthuset ved Raudåna- Nå er det kun sponplater.
- Transport av ved og anna til hytta ved Holmavatnet, og utbetra pipehatten
- Transport av ved og anna til Ullsbu og Naustet
- Nytt naust Belebu, TUV har gjeve løyve, med nokre små korrigeringar som må oppdaterast på teikning og sendast byggesak i kommunen.
- Rehabilitering av murvegg Rogdabu. TUV og kulturminneavdelinga i fylket er positive til det omsøkte tiltaket på Rogdabu. Denne saken ligger nå hos Statsforvaltar i Vestland for avgjersle.

Vedtak (sak 14/24):

Styret tek orienteringa til etterretning.

15/24: Elgjakta 2024 og 2025

Saksdokument:

15-24 Generelle reglar om elg- og hjortejakt i statsallmenning

Saksutgreiing:

Elgjakta skal lysast ut på nytt i år. Fjellstyret må gjera vedtak om fyljande:

- Utlysingsperiode
- Fullmakt til trekking og tildeling
- Retningslinjer for jakta
- Pris
- Jakttid

Kvota har vore på to dyr årleg, men blei auka til tre dyr årleg i fjor. Heile kvota har blitt tildelt eit jaktlag.

Elgjakt på statsallmenning blir regulert av [fjellova](#) og [forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning](#) («forskrifta»). Inntil 60% av elgjakta kan tildelast innanbygdsbuande jaktlag. Fjellstyret har vedteke ein 10-årsplan for fordeling av jakta mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande jaktlag gjeldande for åra 2022 til og med 2031. For åra 2024 og 2025 skal jakta tildelast eit utanbygdsbuande jaktlag.

Utlysingsperiode:



Jakta skal lysast ut for inntil fem år i slengen (jf. forskrifta). Fjellstyret har lyst ut jakta for to år i slengen fram til no.

Fullmakt til trekking og tildeling:

Det er ei felles ordning for trekking og tildeling av jakta i regi av Inatur/fjellstyresambandet. Fjellstyret må gi Inatur/Norges Fjellstyresamband fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta.

Retningslinjer for jakta:

Fjellstyresambandet har utarbeida «Generelle bestemmelser vedrørende elg- og hjortejakt i statsallmenning». Ved tildelinga i 2022 vedtok fjellstyret desse vedtektene, med fyljande endring:

- Tillegg til punkt 2 d):
 - Når jakta er tildelt innanbygdsbuande jaktlag som eit resultat av prioritet i trekkinga (jf. 10-årig plan), tillet ikkje fjellstyret at det blir lagt til utanbygdsbuande jegerar på jaktlaget.
- Punkt 4 Veiing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:
 - Oppgjer for felte dyr skal skje etter fyljande middelvekter:
 - Kalv: 60 kg
 - 1 ½-åring: 125 kg
 - Vaksen ku: 161 kg
 - Vaksen okse: 190 kg

Det er tilrådeleg å nytte dei generelle retningslinjene med justeringar på nokre av punkta. Tillegget til punkt 2 d) bør vidareførast – men det bør takast med at dette også gjeld ved tildeling til utanbygdsbuande jaktlag – innanbygdsbuande jegerar kan ikkje leggest til jaktlaget. Årsaken til dette er at dersom jaktlaget går frå å vere utanbygdsbuande til å bli innanbygdsbuande eller omvendt blir konsekvensen at ein i neste toårsperiode må rette opp skeivheita. Ved å unngå at jaktlaget endrar status etter tildelinga sikrar ein at ein føl planen for veksling mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande. Ein unngår og problemstillinga med at nokon søker på vegner av andre.

Innhaldet i punkt 4 om veying/kontroll kjem an på korleis fjellstyret vel å legge opp betalinga. Viss ein skal halde fram med ei grunnavgift og sluttoppgjer basert på snittvekter kan teksten vera lik som for åra 2022 og 2023. Viss fjellstyret går vekk frå ei slik ordning kan teksten erstattast av ein tekst om rapportering til fjellstyret ved felling (sjå framlegg til vedtak).

Pris:

Betalinga for jakta har tidlegare blitt delt inn i ei grunnavgift basert på snittvekter frå tilliggjande jaktvald og eit sluttoppgjer for felte dyr. For åra 2022 og 2023 hadde fjellstyret fyljande prisar:

- Grunnavgift:
 - Kalv: 2.500,-



- Ku: 3.000,-
- Okse: 3.500,-
- Oppgjer for felte dyr:
 - Alle kategoriar dyr: 75 kr/kg (for felte dyr blir grunnavgifta trekt frå)
 - Fellingsavgift til kommunen kjem i tillegg

Sidan elgkvota er fleksibel (det kan fellast kalv i staden for vaksne dyr og 1,5-åring i staden for 2,5-år eller eldre dyr), gir det nokre uheldige konsekvensar å ha ulike grunnavgift for dei ulike kategoriane dyr på kvota. Viss ein til dømes feller ein kalv i staden for ein okse vil oppgjeret for det dyret bli mykje lågare enn oppgjeret for ein kalv som er skoten på «kalvekortet». Det er difor tilrådd å ha *ein* sum i grunnavgift pr. dyr på kvota.

Ordninga med oppgjer pr kg kjøtt er tilpassa ein pristabell med høgare pris for tyngre dyr. Tanken bak dette er nok å premiere uttak av små/svake dyr. Denne betalingsmodellen er i utgangspunktet lite eigna for jakta på Ullensvang statsallmenning. Sidan det er lite praktisk å få vegd felte dyr har ein teke utgangspunkt i snittvekter, og med det har ikkje jegeren insentiv til å felle små dyr. I staden for ein kilopris kan sluttoppgjer settast til ein sum per kategori dyr.

Det er stor variasjon i prisane for elgjakt på statsallmenningar og andre vald ein kan samanlikne seg med. Nokre statsallmenningar har ei grunnavgift på nivå med Ullensvang fjellstyre, med ein oppgjerspris pr. kilo på 90-95,-. Øvre Numedal fjellstyre har hatt elgjakt sidan 2021, og har ei grunnavgift på 500 for kalv og 1500 for vaksne dyr, og eit sluttoppgjer på 50,- pr kg basert på tilsvarande snittvekter som Ullensvang fjellstyre. Elgbestanden på Øvre Numedal statsallmenning er svært sporadisk, og det har ikkje blitt felt dyr sidan dei starta jakta i 2021.

Jakttid

Ordinær jakttidsramme for elg er 25. september til og med 23. desember. Det er vedteke forskrift om utvida jakttid for elg og hjort for blant anna Ullensvang kommune gjeldande til og med jaktåret 2024, som opnar for elgjakt i perioden 15. august til og med 31. januar. Fjellstyret kan sette jakttida innfor denne ramma. Jaktområdet ligg langt til fjells, og så seint som 25. september kan det kome snø. Det er difor ein stor fordel for jaktlaget å kunne jakte tidlegare på hausten. Jakt utover i oktober og seinare er lite aktuelt. I fjor var jakttida sett til 15. august til og med 23. november. Merk at forskrift om utvida jakttid for Ullensvang kommune berre gjeld til 31. januar 2025, så fjellstyret må gjere nytt vedtak om jakttid til neste år.

Framlegg til vedtak:

- Fjellstyret lyser ut elgjakta samla for åra 2024 og 2025.
- Jakta blir tildelt eit jaktlag bestående av minst fire jegerar.
- Jaktlaget blir tildelt heile kvota på valdet.
- Inatur/Norges Fjellstyresamband får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2024 og 2025, i tråd med vedtak om 10-årsplan vedteken i 2022.



- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning for åra 2024 og 2025, med fyljande endringar:
 - Tillegg til punkt 2 d):
 - Når jakta er tildelt innanbygdsbuande jaktlag som eit resultat av prioritet i trekkinga (jf. 10-årig plan), tillèt ikkje fjellstyret at det blir lagt til utanbygdsbuande jegerar på jaktlaget. Tilsvarande gjeld når jakta er tildelt eit utanbygdsbuande jaktlag – fjellstyret tillèt ikkje at det blir lagt til innanbygdsbuande jegerar på jaktlaget.
 - Punkt 4 Veing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:
 - Jaktlaget skal gi rapport om felte dyr til kontaktperson snarast mogleg etter felling. Sjå elles punkt 5 om rapportering ved jaktslutt.
- Pris:
 - Jaktlaget betalar ei grunnavgift for tildelt kvote, og eit sluttoppgjer for felte dyr:

Grunnavgift:	Pris:
Alle kategoriar dyr	5000
Sluttoppgjer for felte dyr:	Pris:
Okse 2,5 år eller eldre	15000
Ku 2,5 år eller eldre	12500
1,5-åring	10000
Kalv	7000

Innbetalt grunnavgift blir trekt frå for felte dyr.

- Jakttid: Jakttid for 2024 blir sett til 15. august til og med 23. desember.

Vedtaket blir gjort med heimel i fjellova § 23 og §§ 8 og 18 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

Referat:

Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak 15/24):

- Fjellstyret lyser ut elgjakta samla for åra 2024 og 2025.
- Jakta blir tildelt eit jaktlag bestående av minst fire jegerar.
- Jaktlaget blir tildelt heile kvota på valdet.
- Inatur/Norges Fjellstyresamband får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2024 og 2025, i tråd med vedtak om 10-årsplan vedteken i 2022.



- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning for åra 2024 og 2025, med fyljande endringar:
 - Tillegg til punkt 2 d):
 - Når jakta er tildelt innanbygdsbuande jaktlag som eit resultat av prioritet i trekkinga (jf. 10-årig plan), tillèt ikkje fjellstyret at det blir lagt til utanbygdsbuande jegerar på jaktlaget. Tilsvarande gjeld når jakta er tildelt eit utanbygdsbuande jaktlag – fjellstyret tillèt ikkje at det blir lagt til innanbygdsbuande jegerar på jaktlaget.
 - Punkt 4 Veing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:
 - Jaktlaget skal gi rapport om felte dyr til kontaktperson snarast mogleg etter felling. Sjå elles punkt 5 om rapportering ved jaktslutt.

- Pris:
 - Jaktlaget betalar ei grunnavgift for tildelt kvote, og eit sluttoppgjer for felte dyr:

Grunnavgift:	Pris:
Alle kategoriar dyr	5000
Sluttoppgjer for felte dyr:	Pris:
Okse 2,5 år eller eldre	15000
Ku 2,5 år eller eldre	12500
1,5-åring	10000
Kalv	7000

Innbetalt grunnavgift blir trekt frå for felte dyr.

- Jakttid: Jakttid for 2024 blir sett til 15. august til og med 23. desember.

Vedtaket blir gjort med heimel i fjellova § 23 og §§ 8 og 18 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.



16/24: Revisjon av rekneskapen til fjellstyret

Saksdokument:

- 16-24 Retningslinjer for fjellstyra sin rekneskap og revisjon

Saksutgreiing:

Statskog fastset reglar for fjellstyra sin føring av rekneskap, og revisjon av rekneskapen. Frå og med rekneskapsåret 2024 har Statskog gjort endringar i reglane knytt til revisjon. Det blir frå no av berre stilt krav om revisjon til fjellstyre som mottok tilskot til oppsyn, jf. fjellova § 36 2. ledd. Sidan fjellstyra på Hardangervidda har fellesorganet Fjellstyra på Hardangervidda as, som fungerer som arbeidsgjevar for dei som er tilsett, er Ullensvang fjellstyre difor ikkje lenger pålagt å gjennomføre revisjon av rekneskapen.

Fjellstyret har avtale med firmaet Ullensvang Revisjon som utfører revisjon. Utgiftene til revisjon har dei siste åra vore slik:

2023: 28.470,-

2022: 30.688,-

2021: 37.500,-

2020: 38.312,-

Ein del av desse utgiftene er knytt til arbeid med avslutting av rekneskapen (teknisk utarbeiding av årsrekneskap med noter), som dei siste åra har blitt gjort av revisor. I 2023 utgjorde det 5.200 kroner. Denne jobben har i år blitt utført av rekneskapsfører.

Fjellstyret kan ta stilling til om ein ynskjer å halde fram med å nytte seg av revisor sjølv om fjellstyret ikkje lenger er pålagt revisjon. Det kan tenkast at det er fordelar ved å ha revisjon av rekneskapen, men det kan og argumenterast for at ein oppnår tilstrekkeleg kontroll gjennom å nytte ein ekstern rekneskapsfører. Ei eventuell oppseiing av avtalen med revisor krev eit vedtak av fjellstyret.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

**Referat:**

Behovet for revisortenester blei drøfta. Det var semje om at fjellstyret har tilstrekkeleg kontroll ved bruk av ekstern rekneskapsfører, og at ein difor seier opp avtalen med Ullensvang Revisjon etter at revisjon for 2023-rekneskapen er gjennomført.

Vedtak (sak 16/24):

Ullensvang fjellstyre seier opp avtalen med Ullensvang Revisjon etter at arbeidet med 2023-rekneskapen er gjennomført.

17/24: Samjakt med Røldal statsallmenning 2024**Saksdokument:**

- 17-24 Samjaktavtale med Røldal statsallmenning 2021-2023 (dei to siste sidene viser ordninga i 2022)

Saksutgreiing:

Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre har hatt ein samjaktavtale dei tre siste åra. Avtalen har berre vore gjeldande for innanbygdsbuande jegerar. Avtalen har gitt jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning tilgang til deler av Røldal statsallmenning mot slutten av jakta, og jegerar med kort på Røldal statsallmenning tilgang til eit område på Ullensvang statsallmenning i same periode. Avtalen gjaldt for åra 2021 til og med 2023. Dato for oppstart av samjakta har variert noko frå år til år. I 2021 og 2022 var avtalen inndelt i to periodar – der jegerane fekk jakte på ein del av nabovaldet i fyrste del av perioden, og ein større del av nabovaldet i siste del av samjaktperioden. Vedlagt til saka er avtalen, og kart og tekst som viser samjaktavtalen i 2022. I 2023 var jakttida kortare, og berre del ein av avtalen blei gjort gjeldande (Røldal-jeugarar fekk tilgang på område 1, og Ullensvang-jeugarar fekk tilgang på område 2) – frå og med 6. september og ut jakta (jaktslutt 20. september i 2023).

Røldal fjellstyre har bedt Ullensvang fjellstyre vurdere å inngå ein tilsvarande samjaktavtale for denne fjellstyreperioden.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.



Referat:

Ulike sider ved ein eventuell fornya avtale om samjakt blei diskutert. Fjellstyret er oppteken av at Ullensvang fjellstyre får eit gode i form av forkjøpsrett på fellingsløyve til sine innanbygdsjegerar frå Røldal fjellstyre når dei har overskot på kort. I dei tre åra det har vore samjaksavtale mellom dei to fjellstyra har det ikkje vore aktuelt for Ullensvang fjellstyre å kjøpe kort frå Røldal, sidan kvota har vore så høg at det har vore nok kort til alle innanbygdsbuande. Fjellstyret ynskjer primært ei ordning der dei åra denne delen av avtalen ikkje blir realisert blir «spart opp», slik at Ullensvang fjellstyre opparbeidar seg rett til å kjøpe overskotskort frå Røldal i framtidige år for kvart år som ikkje blir realisert. Ut over dette var det semje om at områda som var omfatta av avtalen dei siste åra er ok. Tidspunkt for kor tid avtalen skal gjelde er ok slik det har vore, men dette punktet kan drøftast med Røldal fjellstyre, sett opp mot fjellstyret sitt ynskje om ordning for forkjøpsrett på reinskort.

Det var semje om at det bør arrangerast «jegerkafe» etter jakta der jegerane kan gi innspel blant anna om samjaktavtalar.

Vedtak (sak 17/24):

Leiar tek dialogen med Røldal fjellstyre vidare, og orienterer resten av fjellstyret før det blir inngått ein eventuell avtale.



18/24: Reinsjakta 2024

Saksdokument:

- 18-24 Ordningar for jakta som gjeld inntil vidare

Saksutgreiing:

Det har tidlegare blitt gjort vedtak om jaktlag, nattefreding, telting, fredingssoner og opplæringsjakt som gjeld inntil vidare. Sjå vedlegg *18-24 Ordningar for jakta som gjeld inntil vidare*.

Jakttid

Villreinutvalet har foreslått jakttid 20. august til og med 22. september. Fjellstyret må ta stilling til om ein skal fylja forslaget frå villreinutvalet, eller om ein skal ha ei anna jakttid (innanfor jakttidsramma 20.8-30.9). Viss det blir ei jakt med kort berre på vaksen bukk er det ikkje noko poeng å ha jakttid seinare enn 22. september.

Kortpakkar og prisar

Vedtak om prisar og kortpakkar var slik i 2023:

1. Innanbygdsbuande jegerar kan velje mellom fyljande pakkar:

Pakke 1: Ein bukk (1.500,-)

Pakke 2: Ein bukk og ein kalv (2.000,-) **Ikke aktuell sidan det ikkje var kalvekort i kvotevedtaket**

Pakke 3: To bukkar (3.000,-)

Dersom talet søkarar og/eller fordeling av søkarar på pakkane tilseier at det ikkje er nok kort til å tildela etter trekkingsresultatet vil tildelinga bli justert slik at alle får tildelt kort.

2. Det som er att av kort etter tildeling til innanbygdsbuande blir tildelt til utanbygdsbuande. For utanbygdsbuande blir det lagt ut ein pakke på to bukkekort (6.000,-).

Kvota er ikkje vedteken, og ein veit difor ikkje kor mange kort fjellstyret blir tildelt. Forslaget frå villreinutvalet er på 4000 kort, som er tilsvarande som i 2023. Det er mykje som tyder på at endeleg vedteken kvote blir 4000, eventuelt noko lågare. I 2023 var det nok kort til at alle innanbygdsbuande fekk det talet kort dei ynskte, i tillegg til at det blei selt kort til 48 utanbygdsbuande jegerar. Viss kvota blir på 3000 kort vil det bli om lag nok kort til innanbygdsbuande med like kortpakkar som i fjor (med likt tal jegerar og lik fordeling mellom eit og to kort som i fjor) – medan det vil bli få eller ingen kort tilgjengeleg for sal til utanbygdsbuande.



Overføring av kort

Fjellstyret hadde i 2023 fyljande ordning:

Jegerar som er tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre kan overføre kort til andre jegerar som har fått tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre. Kort kan berre overførast ein gong. Jeger som har overført kort har ansvar for innlevering av korta til fjellstyret etter jakta.

Samjaktavtalar

Det har ikkje kome førespurnad om samjaktavtale frå dei private valda i Ullensvang. Fjellstyret har hatt ein avtale med dei private valda dei siste åra, som gir jegerar som er tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre rett til å nytte kort frå dei private valda på statsallmenningen i siste del av jakta (i 2023 frå og med 6. september). Tilsvarande kunne desse jegerane nytte kort frå statsallmenningen på dei private valda i same perioden.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fredingssone blei drøfta. Fjellstyret etterlyser eventuelle undersøkingar av effekten på fredingssone sidan 2012 og fram til i dag. Sekretær tek kontakt med villreinsenteret om dette.

Fjellstyret konkluderte med fyljande ordningar for jakta:

Tidlegare gjeldande vedtak om jaktlag, nattefreding, telting, fredingssoner og opplæringsjakt blir vidareført.

Jakttid: 20. august til og med 22. september.

Kortpakkar og prisar:

1. Innanbygdsbuande jegerar kan velje mellom fyljande pakkar:
Pakke 1: Ein bukk (1.500,-)
Pakke 2: To bukkar (3.000,-)



Halv pris for innanbygdsbuande jegerar i aldersgruppa 16 til og med 19 år.

Dersom talet søkarar og/eller fordeling av søkarar på pakkane tilseier at det ikkje er nok kort til å tildela etter trekkingsresultatet vil tildelinga bli justert slik at alle får tildelt kort.

2. Det som er att av kort etter tildeling til innanbygdsbuande blir tildelt til utanbygdsbuande. For utanbygdsbuande blir det lagt ut ein pakke på to bukkekort (6.000,-).

Overføring av kort:

Jegerar som er tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre kan overføre kort til andre jegerar som har fått tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre. Kort kan berre overførast ein gong. Jeger som har overført kort har ansvar for innlevering av korta til fjellstyret etter jakta.

Bruk av korta på andre vald:

Kort som er tildelt av Ullensvang fjellstyre kan nyttast på andre vald (etter avtale mellom jegeren og valdansvarleg).

Samjaktavtalar:

Fjellstyret avventar at det eventuelt kjem ein førespurnad om samjakt frå dei private valda.

Vedtak (sak 18/24):

Fjellstyret vedtek fyljande ordning for reinsjakta 2024:

- Tidlegare gjeldande vedtak om jaktlag, nattefreding, telting, fredingssoner og opplæringsjakt blir vidareført.
- Jakttid: 20. august til og med 22. september.
- Kortpakkar og prisar:
 - Innanbygdsbuande jegerar kan velje mellom fyljande pakkar:
 - Pakke 1: Ein bukk (1.500,-)
 - Pakke 2: To bukkar (3.000,-)
 - Halv pris for innanbygdsbuande jegerar i aldersgruppa 16 til og med 19 år.
 - Dersom talet søkarar og/eller fordeling av søkarar på pakkane tilseier at det ikkje er nok kort til å tildela etter trekkingsresultatet vil tildelinga bli justert slik at alle innanbygdsbuande søkjarar får tildelt kort.
 - Det som er att av kort etter tildeling til innanbygdsbuande blir tildelt til utanbygdsbuande. For utanbygdsbuande blir det lagt ut ein pakke på to bukkekort (6.000,-).



- Overføring av kort:
 - Jegerar som er tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre kan overføre kort til andre jegerar som har fått tildelt kort frå Ullensvang fjellstyre. Kort kan berre overførast ein gong. Jeger som har overført kort har ansvar for innlevering av korta til fjellstyret etter jakta.
- Bruk av korta på andre vald:
 - Kort som er tildelt av Ullensvang fjellstyre kan nyttast på andre vald (etter avtale mellom jegeren og valdansvarleg).

Vedtaket om tildeling er gjort med heimel i fjellova § 24.

19/24: Hytteutleige 2024

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Drøfting av diverse rundt årets hytteutleige.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det blei drøfta om tildeling av hytteleige for sommarvekene bør gjerast tidlegare, for at det skal bli enklare for søkarane å planlegge ferien. Det var semje om at ein held fram med søknadsfrist 2. mai, men at tildeling skal skje snarast mogleg etter søknadsfristen, og seinast 13. mai.

I samband med bygging av naust ved Belebu blir Belebu og Raudåna i utgangspunktet reservert til overnatting for dugnadsfolk i juli.

Mange som ynskjer å leige Belebu takkar nei til tilbod om å leige Raudåna som alternativ når det ikkje er ledig på Belebu. Fjellstyret sender ut ei spørjeundersøking i samband med



søknadsrunden for hyttene i vår, for å kartlegge kva som eventuelt kan gjera Raudåna meir attraktivt.

Reglane for leige av hyttene blei diskutert. Fjellstyret ser behov for ein gjennomgang av reglane. Sekretær og leiar tek seg av dette.

Vedtak (sak 19/24):

Fjellstyret gjennomfører tiltaka i tråd med referatet.

20/24: Eventuelt

Forbrenningsomnar:

Jonas har innhenta tilbod på utarbeiding av forbrenningsomnar. Det blir laga ein søknad til sparebankstiftinga om midlar til omnar til dei mest aktuelle hyttene basert på tilbodet.

Elfiske Holmavatnet

Røldal fjellstyre ynskjer å utføra elfiske i Holmavatnet. Det var semje om at fjellstyret ikkje har noko i mot at dette blir gjort på Ullensvang sin del av vatnet eller utfallsosen.

Førespurnad om gratis fiske i Langavatnet for skuleklasse:

Det har kome ein førespurnad frå Framnes kristne vidaregåande skule om gratis fiske for 10-15 elevar i Langavatnet ein dag i april. Fjellstyret stiller seg positive til dette, og ber om at det blir levert fangsrapport, og bilete og rapport frå turen.

Leiar orienterte om:

- Fjellstyra på Hardangervidda as (FH) er tildelt mindre refusjonsmidlar frå Statskog enn det vart søkt om. Dette kjem av at Statskog har endra måten dei fordeler refusjonsmidlane mellom fjellstyra samanlikna med tidlegare år. Det blir jobba med å forsøke å få auka tildelinga.
- Det er planlagt eit møte mellom representantar frå FH og HG for å drøfte fordelinga av medlemmer mellom fjellstyra og dei private valda i villreinutvalet.
- Søknadsfristen for stillinga som fjelloppsyn med sekretæroppgåver for Ullensvang og Røldal fjellstyre er gått ut. Det kom inn ca. 50 søknadar. Fyrste runde med intervju



skjer denne veka. Tilsetjingsnemnda er sett saman av dagleg leiar i FH, ein tilsettrepresentant, styreleiar FH og styreleiarane i dei to fjellstyra.

Aktuelle søknadar:

Det blei drøfta kva prosjekt og tiltak fjellstyret bør søke om midlar til. Det var semje om å søke om midlar til fyljande tiltak i vår:

- Forbrenningsomnar
- solcelleanlegg med stor nok kapasitet til å drive fryseboksar
- aluminiumsbåtar til Belebu og Raudåna

Noverande sekretær sluttar i jobben i løpet av vår/sommar, og blei takka av med ei gåve frå Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre.